


Vedlegg til bestilling av oppstartsmøte for Husebø gnr. 54 bnr. 1 m. fl.

1. Kort presentasjon av tiltaka/planområde

Hovudføremålet med planen er å leggje til rette for fritidsbustader og mogleg småbåtanlegg/flytebryggje.

2. Kart/illustrasjon/skisser



Forslag til planavgrensing.

3. Dagens situasjon

Planområdet ligg på Husebø i eit område med fritidsbustader og med tilknytning til sjø. Ein skogsveg med opparbeid parkeringsplass kryssar planområdet, to stiar går frå skogsvegen ned til sjø.




Raud stipling syner omtrentleg planavgrensing.

4. Forholdet til gjeldane kommuneplan/reguleringsplan/regionale og statlege føringar

Planområdet er i KPA avsett til framtidig fritidsbustad og området i sjø er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag.

Formålet fritidsbustader er ikkje i strid med kommuneplan/reguleringsplan/regionale eller statlige føringar.

Småbåtanlegg/flytebryggje vil bygge opp under formålet «fritidsbustader» og vere eit anlegg i mindre skala enn ein småbåthamn. Formålet er ikkje i tråd med gjeldande kommuneplan.



Kommuneplanenes arealdel; raud stipling syner omtrentleg planavgrensing.

5. Hovudinnhaldet i planen

Når det gjeld hovudinnhaldet i planen vil dette hovudsakeleg omfatte fritidsbustader. Antall einingar er ikkje fastsett enda, men det vil være snakk om å leggja til rette for om lag 20-30. Ein ønskjer også å leggje til rette for småbåtanlegg/flytebryggje i tilknytning fritidsbustadene.

6. Konsekvensar av tiltak

Positive effektar av tiltaket vil vera å leggje til rette for fleire fritidsbustader. Tilkomst til sjø og strandsone er tenkt tatt i vare.

7. Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing § 4

Tiltaket vil i hovudsak ikkje medføre ei endring av gjeldande kommuneplan/reguleringsplan eller være i strid med overordna føringar/retningslinjer.

Føremålet småbåtanlegg er ikkje i tråd med gjeldande kommuneplan for Meland kommune. Føreskrift om konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova si § 2 presiserer at områdeplanar og detaljreguleringsplanar på meir enn 15 dekar, som omfattar nye områder til utbyggingsføremål, alltid skal konsekvensutgreiast, jf. § 2, bokstav d). Eit småbåtanlegg vil vere med på å byggje opp under og styrke den bruken

av arealet som er satt i gjeldande kommuneplan. Ein reguleringsplanprosess vil på ein tilstrekkeleg måte greie ut dei naudsynte tema for å vurdere om eit mindre tiltak, som eit småbåtanlegg, er føremålstenleg i dette området. Vi vurderer difor at det ikkje vil vere naudsynt å konsekvensutgreie i eit område satt til fritidsbustad i overordna plan.